

# Høgtidsmåltid

Når vi feirar jul eller andre høgtider, er det vanleg å samlast rundt middagsbordet på ein litt anna måte enn vi elles gjer i kvardagen. Både bordet og menneska rundt det er gjerne festpynta, og maten vi et er kanskje lik den som våre foreldre og besteforeldre åt då dei var små. I denne timen skal de samarbeide om å lage eit slikt tradisjonelt høgtidsmåltid. Undervegs i timen kan de prate om kva de er vane med å ete i jula eller i andre høgtider de feirar. Kanskje er det nokon i klassen som feirar høgtider på ein anna måte? Det er viktig å hugse at det ikkje finst ein *rett* eller *feil* måte å feire på og at det faktisk er ganske spanande at alle i klassen har sine egne tradisjonar!

Kva skal du læra?

- korleis tradisjonell julemat har oppstått i ulike regionar
- å delta i samtale om ulike måltidstradisjonar ved høgtider, og korleis mat og måltid kan bidra til fellesskapskjensle
- å planlegge, forberede og gjennomføre eit høgtidsmåltid som vertskap og gjest
- å kjenne til andre høgtidsmåltid i ulike kulturar



**Kuvert** – det utstyret som ein person treng til måltidet; tallerken, glas, bestikk og serviett



